

3 av 5 merka jordskjelvet

20.12.2010



Kari Ljosnes: - Som når naboen går med boss-spannet

I føremiddagstimane er jordskjelvet i natt det store samtale-emnet også i Uskedalen. Ein svært rask gallup på SPAR har som resultat at 3 av 5 merka skjelvet, som kom opp i 3,14 i styrke og fann stad klokka 01.43.


Det var også fleire svakare etterskjelv, nærmere bestemt 5 med ein styrke under 2.

Eit diskusjonstema har vore plassen for epi-senteret og Universitetet i Bergen slår fast for uskedalen.no at det var nord på Stord, nærmere bestemt i Fitjar. Opplysninga frå NORSAR tidlegare kunne tyde på at senteret var sentralt i Kvinnherad, nærmere bestemt i vårt område, men det er neppe tilfelle. Men NORSAR strekar under at måleinstrumentane deira stort sett er langt unna området der skjelvet blir utløyst - i dette tilfellet til dømes i Løten i Hedmark. Difor er det problematisk å koma med heilt eksakte opplysningar.

Området rundt Stord har tradisjonelt ein del seismisk aktivitet og det førre større skjelvet som fant stad der var 12. august i 2000 og hadde ein styrke på 4,2.

I Uskedalen tyder altså mykje på at eit lite fleirtal merka skjelvet. Ein av dei var Kari Ljosnes. Ho seier at det kunne samanliknast med lyden som kjem då naboen går med boss-spannet.

Gunnar Leite registrerte ein dur og ei lita skjelving i huset. Han vil samanlikna det med lyden som kjem når ein stor lastebil kører forbi eller når eit fly bryt lydmuren. Elles er det svært tilfeldig kva folk har registrert. Mykje tyder på at mange i Halsabrotet har registrert skjelvet - av ein eller annan grunn.



NORSARS jordskjelvkart for siste veke

Eit jordskjelv må vera opp mot 5 hvis det skal vera farlig. Det er det nesten aldri

her i landet, men i 1904 var det eit skjelv på 5,5 i Oslofjorden.

Av Ola Matti Mathisen

